

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Karianne Holmboe Askeland, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 17/4365-3

### Fritak frå verv i Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne

#### Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

- 1) Fylkesutvalet fritar Wenche Røkenes frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
- 2) Fylkesutvalet vel som ny medlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne:  
.....
- 3) Fylkesutvalet vel som ny varamedlem i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne: .....

#### Vedlegg:

1. Fritak frå verv – førespurnad om nytt namn frå FFO.
2. Søknad om fritak frå verv 1.
3. Søknad om fritak frå verv 2.
4. Forslag til namn på nytt medlem frå FFO.

#### Andre relevante dokument i saka:

1. Reglement for fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
2. Rundskriv Q-21/2012 Om lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Bakgrunn for saka

Fylkesutvalet valde i sak 109/15 Wenche Røkenes som medlem av Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne (rådet) for valperioden 2015 til 2019. Det var Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) via sine medlemsorganisasjonar som gjorde framlegg om medlemmer til rådet. Røkenes har no søkt om fritak frå dette vervet, sjå vedlegg 2 og 3.

### 2. Vurderingar og konsekvensar

#### Kompetanse og lovheimel

Det er fylkesutvalet som vel medlemmer til rådet. Dette følgjer av reglementet for rådet § 4. Viss fylkesutvalet innvilgar søknaden om fritak, må det veljast ny medlem i rådet.

Det følgjer av rundskriv til lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m. (rundskrivet) at eit slikt råd er å rekne

som eit «fast utval» etter kommunelova. Kommunalova (kompl.) § 10 nr 3 føresett at det vert valt både medlem og varamedlem til eit slikt råd. Det er derfor naudsynt å velje ny varamedlem viss noverande vara rykker opp.

FFO har igjen fått moglegheit til å gjere framlegg om ny medlem til rådet. FFO har gjort framlegg om at Anita Æsøy rykker opp frå vervet som varamedlem til verv som fast medlem, og at Synnøve Solhaugen Engen vert ny varamedlem. Sjå vedlegg 4.

#### Fritak

Fritak frå verv i fylkeskommunale organ vert regulert i kompl. § 15. Utgangspunktet er at ein får fritak viss ein ikkje kan skjøtte vervet utan «uforholdsmessig vanskelighet eller belastning». Av lovkommentaren går det fram at fritaksgrunn til dømes kan vere søkarens arbeidsforhold, dårleg helse, familiesituasjon eller andre tungtvegande velferdsgrunner som gjer det urimeleg byrdefullt å oppfylle dei plikter vervet medfører. I praksis vert reglane praktisert mindre strengt enn kva ordlyden tilseier.

Fylkesrådmannen viser til vedlegg 2 og 3 for grunngjeving av søknaden. Eg ser ikkje grunn til å overprøve Røkenes si eiga vurdering.

#### Nyval

Etter reglement for rådet § 3, jamfør kompl. § 36 nr. 2 skal kvart kjønn vere representert med minst to medlemmer. Det vil seie at medlemmen som vert vald no, må vere ei kvinne.

Det følgjer av rundskrivet at det bør leggjast stor vekt på å sikre god representasjon og at rådet «så langt som mogleg [bør] vere representative for kommunen sine innbyggjarar med nedsett funksjonsevne».

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at Wenche Røkenes vert fritatt frå sitt verv i fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Eg reknar vidare med at Anita Æsøy og Synnøve Solhaugen Engen vert valde som høvesvis ny medlem og ny varamedlem.